

KORLEIS ÅMLI HAR VORE OG ER STYRT.

Den eldste form for korleis folk heldt saman var familien. Denne blei verna veldig strengt og konflikhtar med andre familiar kunne bli både bitre og blodige. Etterkvart vaks det fram eit system der folk møttes og fleirtalet avgjorde stridsspørsmåla. Dette kalla dei eit *ting*. Kanskje *Tinghaugen* i Åmli var ein slik møteplass. Etterkvart som kongane blei mektigare minska makta til dei lokale tinga, og lovane blei meir styrt av folk utanfrå bygda, frå 1200-talet truleg av ein *sysselmann*. Då dansketida kom var det særleg *futen* (fogd, på gamal Åmli-dialekt: *faut*) innbyggjarane i Åmli fekk merke. Oppgåva til futen og medhjelparane hans var å krevje inn skattar og bøter, dessutan fungerte han som politi. Futen budde oftast på Nes i Herefoss og styrde over eit område som heilt frå vikingtida heitte *Råbyggelaget*. (Sjå kart.) Namnet tyder: Lovområdet til dei som bur avsides. Frå 1536 (Reformasjonen) låg Råbyggelaget under eit *len*, med ein lensherre. Ordet tyder lån, dvs. område lånt av kongen mot betaling. Frå 1662 skifta dette området namn til *amt*, som tyder embete. I 1918 blei Nedenes Amt omdøyppt til Aust-Agder fylke. Både *Agder*, som kanskje tyder "land som stikk ut i havet", og *fylke* (av folk), var gamle namn frå vikingtida. Elles var presten den framande embetsmannen Åmlifolk merka mest til. Område han styrde over heitte *prestegjeld*. Då det blei innført *kommunar* (tyder felles) i Norge i 1837 blei Åmli kommune det same som Åmli prestegjeld, som hadde namnet sitt etter den garden der presten budde. Mykland høyrde til Åmli fram til 1876. Gjøvdal var eigen kommune i tida 1908 – 1960, Tovdal i tida 1908 – 1967. Dei viktigaste oppgåvene til kommunen i den fyrste tida var skulen og fattigstellet. I dei fyrste 60 åra var det bare sjøveigande bønder (av og til prest og doktor) som var med i kommunestyret. I 1898 fekk alle menn over 25 år stemmerett, og 2 snekkerar blei dei fyrste kommunerepresentantar som ikkje var blant dei rikaste i bygda. Då jernbanen nådde fram til Åmli i 1910, kom der mange radikale arbeidarar hit, og Arbeidarpartiet i Åmli blei stifta i 1911. Frå starten var det mest ingen som hadde løn for å arbeide i kommunen, sjølv lærarløna var bare for ei ekstra inntekt å reikne. I dag er det dei som får løna si frå kommunen som utgjer flest arbeidsplassar i Åmli. I 1999 var det i alt 224 personar som var kommunalt tilsette. Sidan ikkje alle jobba heile dagar, vart dette omgjort til 150 heile årsverk. Desse jobbane fordelte seg slik: Kultur og utdanning: 90, Helse og sosial: 87, Teknisk: 34 og Sentraladministrasjon: 13. *Kommunestyret* i Åmli har i dag 21 representantar som blir valde kvart 4. år. Dei viktigaste oppgåvene til dei folkevalde i kommunen er delt inn i 4 hovudutval. *Oppvekstutvalet* har skule, barnehage og kulturtilbod som sitt område. *Levekårsutvalet* har ansvar for lege, helsesøster, fysioterapeut, barnevern og pleie- og omsorgsteneste for eldre og andre trengande. *Driftsutvalet/Planutvalet* ser etter kommunale eigendomar, vegar, vassverk, kloakknett og brannvern. Dei har òg ansvar for plan- og byggesaker.

Kommunalutvalet er eit slags sjefsutval som skal samordne all utvikling i kommunen.

For å utføre det daglege arbeidet til alt dette er det altså dei 224 tilsette er til for. Dei hadde nok stussa fælt i det fyrste kommunestyret i 1837 dersom dei hadde sett denne utviklinga.

I tillegg til dette har Aust-Agder fylke ansvaret for Åmli vidaregåande skole, tannlege og nokre fylkesvegar (særleg Gjøvdal og Tovdal).

Den norske *stat* styrer med lensmannskontoret, likningskontoret(skattar), trygdekontoret og prestekontoret.


Her er lista over alle som har vore ordførar i Åmli(Gjøvdal og Tovdal som egne kommunar er ikkje med):

1837 – 38: Terje Gunstensen Gjeveland	1976 – 79: Karl Johan Tveiten
1839 – 53: Iver Anton Rummelhoff	1980 – 83: Gunnar Halvorsen
1854 – 55: Eivind Salvesen Mjåland	1984 – 91: Sverre Kløvfjell
1856 – 57: Petter Øi	1992 – 95: Tellef Harstveit
1858 – 59: Ole Knutsen Tvedt	1996 – 99: Sverre Kløvfjell
1860 – 61: Ommund Syvertsen Mykland	2000 - Tellef Harstveit
1862 – 63: Even P. Askeland	
1864 – 66: Ommund Syvertsen Mykland	
1867 – 68: Nære O. Ramse	
1869 – 71: Ole Knutsen Tvedt	
1872 – 77: Peder Samuel Beylegård	
1878 – 79: Gunstein P. Tviland	
1880 – 81: Ommund Omland	
1882 – 90: Engvald Hansen	
1891 – 92: Ommund Omland	
1893 – 94: Kjetil Øi	
1895 – 97: Ommund Omland	
1898 – 1901: Elling Øi	
1902 – 10: Aslak Kateraas	
1911 – 19: Elling Øi	
1920 – 25: Aslak Kateraas	
1926 – 28: Peder Jensen	
1929 – 34: Jørgen Tønnesen	
1935 – Krigen: Olav Nylund	
NS-ordførarar: Jørgen Tønnesen og Tallak Dale	
1945 – 47: Gunnar Bakken	
1947 – 64: Jens Seljås	
1965 – 71: Gjeruld Homdal	
1971: Gunnar Skogby	
1972 –75: John S. Eppeland	



Aslak Kateraas, ordførar i Åmli 1902 – 10 og 1920 –25. Han sat òg på Stortinget for Venstre 1916 – 18.

RÅBYGGE- LAGET



Fram til 1856 var Råbyggelaget eit fogderi (futedøme) som var delt i eit vestre og eit austre sorenskrivardistrikt. Åmli tilhørte det austre som hadde sete på Nes i Herefoss. Før dei store vegutbyggingane gjekk trafikken mellom bygdelaga på tvers av dalane. Difor tilhørte t.d. Åseral dette området. Denne bygda blei lagt til Vest-Agder(dåverande Mandal og Lister Amt) i 1880. Kommuneinndelinga på kartet er frå 1920.



OPPGÅVER TIL KORLEIS ÅMLI HAR VORE OG ER STYRT.

1. Kva for oppgåve hadde eit ting i gamle dagar?
2. Er der namn i Åmli som tyder på ei slik ordning her?
3. Kva oppgåve hadde futen før?
4. Kor budde futen med makt over Åmli?
5. Kva var Råbyggelaget?
6. Når blei Åmli eigen kommune?
7. Kva heitte den fyrste ordføraren vår?
8. Kva heitte Aust-Agder før 1918?
9. Kva for ein etat har ansvaret for: a) barnehagane? b) fysioterapeut?
c) vassverket? d) skattane?
10. Kven har vore ordførar lengst i Åmli?

